



**Vestre Slidre
kommune**

**Rapport for
barnehagane, grunnskulen og
kulturskulen i
Vestre Slidre 2025-2026**

1 Innhold

2	Innleiing	1
3	Vurdering og samandrag	1
4	Kvalitetsutvikling	2
4.1	Utviklingsarbeid i barnehagane	3
4.2	Utviklingsarbeid i skulen	3
4.2.1	Planleggingsdagar og personalmøter	3
4.2.2	Stegmøter	3
4.2.3	SFO-møter	3
4.3	Utviklingsarbeid i kulturskulen	4
4.4	Tverrfaglege team	4
4.4.1	Ressursteam	4
4.4.2	Innsatsteam	4
4.5	Vidareutdanning	5
4.5.1	Barnehage	5
4.5.2	Skule	5
5	Tal og resultat	5
5.1	Tal frå barnehagane og skulen	5
5.2	Antal barn med bustadsadresse i Vestre Slidre etter fødselsår	5
5.3	Barnehageopptaket 2026	6
5.4	Tal frå Vestre Slidre kulturskule	7
5.5	Resultat frå skulen	8
5.5.1	Nasjonale prøver	8
5.5.2	Grunnskulepoeng	10
6	Drift og utviklingstrekk i kulturskulen	10
7	Psykososialt- og fysisk læringsmiljø i barnehage og skule	11
7.1	Lovkrav	11
7.2	Psykososialt- og fysisk læringsmiljø i barnehagane	11
7.2.1	Tilstand bygg og uteområde, Røn naturbarnehage	11
7.2.2	Tilstand bygg og uteområde, Slidre kulturbarnehage	12



7.3	Psykososialt- og fysisk læringsmiljø i skulen	12
7.3.1	Tilstand bygg og uteområde, Vestre Slidre skule	12
7.3.2	Psykososialt læringsmiljø i skulen: Trygt og godt skulemiljø og Elevundersøkinga	13
8	Meir statistikk om barn og unge i Vestre Slidre kommune	14
8.1	Oppvekstprofil 2026.....	14
8.1.1	Unge som står utanfor, 15-29 år	14
8.1.2	Gjennomsnittleg grunnskulepoeng	15
8.1.3	Gjennomføring vidaregåande opplæring	15
8.1.4	Overvekt og fedme	16
8.2	Unicef sin Kommuneanalyse, 2025	17
8.3	Ungdata 2024	18
8.4	Foreldreundersøkelsen i barnehagane	20
9	Utviklingstrekk framover	20
9.1	Skulebygg	21
9.2	SFO	21
9.3	Kulturskule	21
9.4	Samordna opptak: Søkertal til lærar og barnehagelærerutdanningane ...	22
9.5	Barnehage	23
10	Praksisforteljingar.....	24
10.1	Barnehagane	24
10.2	Vestre Slidre skule.....	27
10.3	Vestre Slidre kulturskule	33
11	Nasjonale føringar og kjelder.....	35





2 Innleiing

Tidlegare har oppvekst i Vestre Slidre laga ein samla rapport for skule og barnehage. Målet har vore å få fram heilskapen i opplæringsløpet. Med ny opplæringslov er rapporten ikkje lenger lovpålagd, og eit spørsmål vi på oppvekstfeltet har stilt oss, er om vi skal halde fram med å utarbeide ein slik rapport.

Tal og statistikk gjev ein del av biletet, men seier åleine lite om samanhengar, bakgrunn og korleis det blir arbeidd. Ein rapport som samlar og skildrar nokre av hovudtrekka i arbeidet i barnehage, kulturskule og skule i kommunen, meiner vi er ein god måte å synleggjere dette på.

I år er også kulturskulen med i rapporten. Det gjer vi for å synleggjere verksemda både åleine og som ein del av oppvekstfeltet.

Tidlegare har vi hatt som mål å halde rapporten kort. I år har vi valt ei anna tilnærming. Målsetjinga har vore å samle tema som ofte kjem opp, mellom anna i kommunestyret og formannskapet, og å lage ein rapport ein kan slå opp i for å finne svar på spørsmål innan oppvekstfeltet gjennom året.

Sjølv om rapporten tek føre seg barnehage- og skuleåret 2025–2026, meiner vi det er viktig å peike på utfordringar oppvekstfeltet står overfor framover. Desse er samla i kapittel 9. Punkta er meint som ei kort innføring, det er viktig å gjere ei brei og heilheitleg vurdering før tiltak settast inn.

3 Vurdering og samandrag

Denne kvalitetsrapporten gir ei samla framstilling av tilstanden i barnehagane, grunnskulen og kulturskulen i Vestre Slidre kommune for barnehage- og skuleåret 2025–2026. Rapporten skal bidra til å synleggjere kvaliteten i tilbodet til barn og unge, og gi eit kunnskapsgrunnlag for vidare utvikling av oppvekstsektoren.

Rapporten byggjer på både kvantitative data og kvalitative vurderingar. Tal og statistikk gir viktige indikasjonar på utvikling og resultat, medan skildringar av praksis og utviklingsarbeid gir innsikt i samanhengar, prioriteringar og arbeidsmåtar. Til saman gir dette eit breiare bilete av styrkar, utfordringar og utviklingsområde i sektoren.

I året som er gått, har det vore eit tydeleg fokus på kvalitetsutvikling i tråd med krav i nytt lovverk og nasjonale føringar. Både barnehage, skule og kulturskule arbeider systematisk med kompetanseheving, utviklingsarbeid og samarbeid på tvers av tenestene. Tverrfaglege team og samarbeid med føresette er sentrale verkemiddel i arbeidet med tidleg innsats og heilskapleg oppfølging av barn og unge.



Resultata frå skulen viser jamt over gode faglege prestasjonar, med grunnskulepoeng over både fylkes- og landsgjennomsnittet dei siste åra. Samstundes viser kartleggingar som Elevundersøkinga og Ungdata at det framleis er behov for å arbeide vidare med mellom anna læringsmiljø, motivasjon og opplevd press blant ungdom. [

Kulturskulen står sterkt i kommunen, med høg deltaking samanlikna med landsgjennomsnittet og eit breitt tilbod innan fleire kunstfag. Samstundes ser ein auka etterspurnad etter plassar og utfordringar knytt til kapasitet og ressursar.

Barnehagane rapporterer om stabil drift og målretta arbeid med foreldresamarbeid og trygge relasjonar. Samtidig er det, som i resten av sektoren, utfordringar knytt til rekruttering og bemanning, noko som krev langsiktig innsats.

Samla sett viser rapporten at Vestre Slidre leverer gode tenester til barn og unge, med mange positive resultat og sterke fagmiljø. Samstundes peikar rapporten på viktige utviklingstrekk framover, mellom anna knytt til auka barnekull, behov for tilpassa lokale, rekruttering av kvalifisert personale og balansen mellom kvalitet og kapasitet i tenestene.

Rapporten er meint å vere eit verktøy for både administrasjon og politisk nivå, og skal bidra til kunnskapsbaserte prioriteringar til beste for barn og unge i kommunen.

Kristin Bråten Tvenge
styrar Slidre kulturbarnehage

Grethe Våtsveen
styrar Røn naturbarnehage

Janne Opheim
rektor Vestre Slidre skule

Gudbrand Silvet Heiene
rektor Vestre Slidre kulturskule

Stine Mari Skrindsrud Nordaas
Kommunalsjef oppvekst og kultur

4 Kvalitetsutvikling

I den nye Opplæringslova (2023) kom det eit tydelegare krav til kvalitetsutvikling. Kapittel 17: «Personalet i skolen, skolefagleg kompetanse og kvalitetsutvikling»

I barnehagelova finn ein ikkje like eksplisitte føresegner om kvalitetsutvikling i form av eigne kapittel, men lova inneheld fleire føresegner som dannar grunnlag for utviklingsarbeid:

- § 7 Barnehageeigaren sitt ansvar
- § 9 Internkontroll
- § 41 Førebyggjande arbeid (psykososialt miljø)

Rammeplanen konkretiserer krav til kvalitet og utviklingsarbeid



4.1 Utviklingsarbeid i barnehagane

Barnehagane i kommunen har planleggingsdagar, personalmøter, foreldremøter og anna møtetid som delvis blir brukt til utviklingsarbeid.

Barnehagane har totalt 5 planleggingsdagar, kor 3 av dei er ved oppstart av nytt barnehageår, ein regional kompetansehevingsdag i november og ein planleggingsdag januar 2026. I tillegg har personalet 10 personalmøter, der minimum 2 av dei er felles for barnehagane i kommunen. Ut over dette har avdelingane 1t kvar 14.dag, der noko av tida nyttast til utviklingsarbeid.

Jamfør barnehaganes årsplan, har hovudfokus for barnehagane i kommunen dette barnehageåret vore vidare arbeid med tema “Foreldresamarbeid - Trygge, tydelege vaksne”. Der fokus er ein tett og god dialog i kvardagen, tett samarbeid med foreldre/føresette, forventningsavklaring, utviklingssamtaler og foreldremøter.

4.2 Utviklingsarbeid i skulen

I løpet av skuleåret har tilsette 6 planleggingsdagar der deler av tida går med til utviklingsarbeid. I tillegg har lærarane ved skulen 1,5 timar møtetid kvar veke som stort sett blir nytta til utviklingsarbeid. Fagarbeidarane har SFO-møte ein gong i månaden og deltek i trinnmøter ein gong i veka.

4.2.1 Planleggingsdagar og personalmøter

Under planleggingsdagane og i personalmøtene har vi vore innom ulike tema som “tankevirus”(metode retta mot førebygging og tidleg behandling av psykiske plager hos ungdom), fysisk inngripen, handlingsplan for førebygging av radikalisering og valdeleg ekstremisme, resultat og tiltak etter nasjonale prøver, ny rutine ITO. Men det er motivasjon, elevmedverknad og lesing i fag som er tema vi har brukt mest tid på.

4.2.2 Stegmøter

I stegmøta har det vore jobba med ulike tema som; Korleis skape aktive læringsrom og inkluderande læring?

Leik, lekserutinar, webinar med tema "Hvordan tilrettelegge for barnehagebarn og elever med autisme og andre nevroutviklingsforstyrrelser?", elevundersøkinga resultat og tiltak (6.-10. Kl), samt fleire webinar om skulemiljø.

4.2.3 SFO-møter

Fagarbeidarane, som også jobbar delar av stillinga på SFO, har månadlege møter saman med leiinga. I desse møtene tek vi opp ulike spørsmål knytt til drift. Vi har også hatt repetisjon av vergeteknikk, fyrstehjelpskurs og gått gjennom lovendring i opplæringslova.



4.3 Utviklingsarbeid i kulturskulen

Utviklingsarbeid blir gjennomført på ein annan måte i kulturskulen enn i barnehage og skule. Det er utfordrande å samle meir en nokre få lærarar sidan mange er tilsett i små stillingar, undervisinga er spreidd frå tidleg morgon til sein kveld, og berre eit lite knippe lærarar har Vestre Slidre kulturskule som hovudarbeidsplass. Til gjengjeld jobbar dei fleste lærarane med emne dei er levande opptekne av både i arbeid og fritid.

Kulturskuleutvikling og individuell utvikling av undervisningspraksis er mest aktuelt på lokale og regionale planleggingsdagar.

Kulturskulen jobbar med å utvikle verdigrunnlag og praksis i samsvar med den nye rammeplanen «Rammeplan for kulturskolen – Kulturskule for alle» Denne vart i 2025 vedteke – av kommunestyret – som styrande for Vestre Slidre kulturskule.

4.4 Tverrfaglege team

4.4.1 Ressursteam

Ressursteam er et tverrfagleg team for barnehage/skule og helse.

I ressursteamet blir saker drøfta når ein er uroleg for eit barn/elev eller barnegruppe. Dei viktigaste oppgåvene til ressursteamet er:

- Oppdaging og oppfølging av helse- og trivselsspørsmål: Bidra til å identifisere utfordringar hjå barn så tidleg som mogleg.
- Rettleiing og støtte: Tilby rettleiing og støtte til foreldre/føresette, tilsette og barn i spørsmål knytt til helse og trivsel.
- Samarbeid om tiltak: Planleggje og følgje opp tiltak som kan støtte barnet sin utvikling og læring.

For at utfordringar til eit barn skal kunne takast opp, og for at tiltak kan setjast i verk, må det innhentast samtykke frå foreldre/ føresette på førehand. Er det ikkje gitt samtykke, kan saka berre drøftast anonymt.

4.4.2 Innsatsteam

Innsatsteamet er eit tverrfagleg samansett team med faste deltakarar frå ulike fagområde, med ulik kunnskap og erfaring. Teamet blir brukt dersom det er behov for å drøfte ei sak i eit større fagforum enn ressursteam. Målet med innsatsteamet er å sikre tidleg og riktig tiltak for barn, unge og deira familiar. Målgruppa er familiar som ventar barn og/eller har barn og ungdom i alderen 0-18 år. Både kommunale tenester, foreldre og barn over 16 år kan sjølv, søke teamet om hjelp.



4.5 Vidareutdanning

4.5.1 Barnehage

Barnehageåret 2025-2026 er det ingen i Slidre kulturbarnehage som tek vidareutdanning, det er i staden 3 tilsette som er i gang med grunnutdanning som barnehagelærar. I Røn naturbarnehage er det 2 assistentar som er i ferd med å ta fagbrev i barne- og ungdomsarbeidarfaget.

Barnehageåret 2025-2026 er det også ein lærling i barnehagane. Grunna utfordringar kring det å få tak i kvalifisert personale, har barnehagane sett behovet for å utdanne sine egne. Vidareutdanning vil bli prioritert når barnehagane har tilstrekkeleg kvalifisert bemanning.

4.5.2 Skule

Skuleåret 2025/2026 er det 2 tilsette ved skulen som tek vidareutdanning. Ein lærar på barnesteget tek 30 studiepoeng i KRLE og ein lærar på ungdomssteget tek 30 studiepoeng i spansk. Skulen jobbar med revisjon av plan for skulebasert kompetanseutvikling.

5 Tal og resultat

5.1 Tal frå barnehagane og skulen

Eining	Antal barn/elevar, pr. april 2026
Røn naturbarnehage	44
Slidre kulturbarnehage	54
Vestre Slidre skule	183
Valdres Montessoriskule	8
Til saman	289

Figur 1: Oversikt over antal barn i barnehagane, ved Vestre Slidre skule og Valdres Montessoriskule busett i Vestre Slidre kommune

5.2 Antal barn med bustadsadresse i Vestre Slidre etter fødselsår

Fødselsår	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Antal barn	21	16	20	24	22	23

Figur 2: Oversikt over antal barn med bustadsadresse i Vestre Slidre kommune etter fødselsår.

5.3 Barnehageopptaket 2026

I hovudopptaket vår 2026 fekk alle som søkte om plass fyrstevalet sitt.

Jf. barnehageloven har dei som fyller ett år til og med i november rett på plass frå dei fyller eitt år, dei som fyller år frå desember til august har ikkje rett på plass. I hovudopptaket fekk alle som søkte tilbod om plass, det ble fleire enn det lova krev.

Foreldra søker fortløpande gjennom året, og desse søknadene blir behandla i månadlege suppleringsopptak. Opptaket skjer i tråd med vedtektene.



5.4 Tal frå Vestre Slidre kulturskule

Elever pr. aldersgruppe	Vestre Slidre	Kommentar
Grunnskuleelevar	185	Samla tal elevar på Vestre Slidre skule
Kulturskuleelever totalt	137	
Kulturskuleplassar totalt	265	
Elevar i grunnskulealder	104	Grunnskuleelevar med kulturskuleplass
Elev-PLASSER (i gr.skole-alder)	195	Skulekops og Valdresstrykerne er ikkje med i denne tellinga, sidan det er egne organisasjonar. Elevane der telles berre med plass på instrumentopplæring, som dei aller fleste har i samband med korpset/orkesteret.
Plasser pr. elev (i gr.skole-alder)	1,9	
Andel av grunnskuleelever i kulturskolen	56 %	Landsgjennomsnittet er 13%
Elever i VGS-alder	5	
Andel av kulturskuleelever i VGS-alder	4 %	
Kultur skule elevar over VGS	28	Dei fleste elevane over VGS-alder er i damekoret Cisssters, eller i miljøtenesta.
Andel kulturskuleelever over VGS-alder	20 %	
Elever i grunnskulealder pr. fag	Vestre Slidre	Kommentar
Musikkplasser	123	Skulekops og Valdresstrykerne er ikkje medrekna.
Andel musikkplasser	63 %	Omtrent som landsgjennomsnittet.
Teaterplasser	10	
Andel teaterplasser	5 %	
Plasser på visuelle kunsthøgskule	40	
Andel plasser på visuell kunst	21 %	
Plasser på dans	22	
Andel plasser på dans	11 %	

Lærarar	Vestre Slidre	Kommentar
Lærarar som underviser elevar	16	Frå 2 % til 77 % stilling brukt her
Eigne lærarar	7	4 av desse leiger vi vidare i 2 - 30%
Lærarar vi leiger inn	9	Frå Nord-Aurdal, Øystre Slidre og Vang
Lærarar som jobbar meir enn 50% i Vestre Slidre kulturskule	3	
Lærarar som har VSK som hovudarbeidsgjevar	4	

Figur 3: Statistikk frå Vestre Slidre kulturskule

5.5 Resultat frå skulen

5.5.1 Nasjonale prøver

Dei nasjonale prøvene er digitale og blir gjennomført i 5., 8. og 9. trinn på hausten. Føremålet med prøvene er todelt. For det fyrste er prøvene ein indikator for å vurdere korleis skulen har klart å utvikle dugleikane i lesing, rekning og i delar av engelskfaget. For det andre kan prøvene vera eit godt analysegrunnlag for å gjennomføre ei kvalitetsvurdering og kvalitetsutvikling av opplæringa. Ved skulen lagar vi tiltaksplanar når vi får resultata av prøvene. Det kan vera tiltak både på klasse- og individnivå. Tiltaka blir jobba fram på klasseteam og delt på stegmøter i februar kvart år.

Til nasjonale prøver er det utvikla ein eigen skala (skalapoeng) der gjennomsnittet i 2022 vart sett til 50 og standardavviket til 10. Alle prøveresultat etter 2022 blir omrekna etter denne skalaen.

Trinn-skuleår	Engelsk	Lesing	Rekning
8. kl. 2020-2021	47	50	46
9. kl. 2021-2022	-	53	52
8. kl. 2021-2022	51	50	46
9. kl. 2022-2023	-	53	52
8. kl. 2022-2023	51	50	51
9. kl. 2023-2024	-	54	55
8. kl. 2023-2024	51	51	48
9. kl. 2024-2025	-	53	53
8. kl. 2024-2025	50	52	49
9. kl. 2025-2026	-	57	52
8. kl. 2025-2026	48	48	48

Figur 4: Skalapoeng 8. og 9. trinn Vestre Slidre skule i engelsk, lesing og rekning

Trinn-skuleår	Engelsk	Lesing	Rekning
8. kl. 2020-2021	47	50	46
9. kl. 2021-2022	-	53	52
Innlandet 8.kl 2020-2021	49	50	49
Innlandet 9.kl 2021-2022	-	53	53
8. kl. 2021-2022	51	54	54
9. kl. 2022-2023	-	57	56
Innlandet 8.kl 2021-2022	49	50	49
Innlandet 9.kl 2022-2023	-	54	53
8. kl. 2022-2023	51	50	51
9. kl. 2023-2024	-	54	55
Innlandet 8. kl. 2022-2023	49	49	49
Innlandet 9. kl. 2023-2024	-	54	53
8. kl. 2023-2024	51	51	48
9. kl. 2024-2025	-	53	53
Innlandet 8. kl. 2023-2024	49	48	48
Innlandet 9. kl. 2024-2025	-	52	51
8. kl. 2024-2025	50	52	49
9. kl 2025-2026	-	57	54
Innlandet 8. kl. 2024-2025	49	48	47
Innlandet 9. kl 2025-2026	-	52	52
8. kl. 2025-2026	48	48	48
Innlandet 8. kl. 2025-2026	49	48	47

Figur 5: Skalapoeng Vestre Slidre skule samanlikna med resultata i Oppland/Innlandet.

Vurdering

Som i andre små kommuner varierer resultata meir frå år til år samanlikna med t.d. Innlandet. Resultata til Vestre Slidre skule har dei siste åra vore like gode eller betre enn resultatet for heile Innlandet.

5.5.2 Grunnskulepoeng

Grunnskulepoeng er ein samlet poengsum beregna ut frå alle standpunkt- og eksamenskarakterane på vitnemålet.

Vurdering: Vestre Slidre sine resultat i år ligg over resultata for Innlandet og for landet.

	2022-23	2023-24	2024-25
Noreg	42,4	42,2	42,2
Innlandet	41,9	41,8	41,6
Vestre Slidre	41,5	44,7	44,7

Figur 6: Grunnskulepoeng for 10. trinn 2022-23 til 2024-25 for Vestre Slidre, Innlandet og Noreg.

6 Drift og utviklingstrekk i kulturskulen

Hovudtyngda av kulturskulen sitt arbeid er undervisning av registrerte elevar i alderen 4-19 år. Vi har om lag 25 ulike tilbod, for betalande elevar, innanfor musikk, dans, teater og visuell kunst.

I tillegg legg vi vekt på å løfte kvaliteten i andre tenester der det er mogleg. Kulturskulen samarbeider med barnehage, helsetun, dagsenter, miljøtenesta, grunnskule, kulturkontoret og frivillige lag. Ofte er dei betalande elevane ein ressurs i samarbeidet med andre tenester.

Kulturskulen støttar aktivt opp under grunnskulekvardagen med mellom anna kultur-SFO ein gong i veka for 1. og 2. klasse, og med styrking av arrangement og undervisning. Dei viktigaste tiltaka i samarbeidet er “Klassekorps” – som er musikkundervisningen i 3. klasse, KorArti’ – skolekorkonserten før jul, og felles Sumarfest i juni.

Kulturskulens tilbod er ønskt av mange og vi kunne hatt betydeleg større aktivitet. Men med avgrensa ressursar fekk vi denne vinteren ventelister på song, gitar, bassgitar og piano. Vi avvikla barnekor og fekk ikkje i starta eit etterspurt tilbod om ungdomskor. Kulturskulen har tidlegare vore skåna for venteliste. Vi ønskjer å halde ventelistene så små som mogleg, og budsjettet til ande postar enn lønn er no skrapa til beinet. Det ser likevel ut til at ventelistene aukar. Ved opptaket til neste skuleår må vi derfor balansere behovet for fordjuping og talentutvikling mot ønsket om å gi eit tilbod til flest mogleg og bidra til å førebyggje utanforskap.

Vi vil søkje å gå i dialog med elevar og heimar som følgjer lite opp mellom timane for å frigjere plassar som ikkje er viktige for elevane. Dette er ein avansert og vanskeleg sosial øvelse, der ein må gå varsamt fram.

For å ta unna ventelistene burde vi ideelt sett hatt ein lærar til med kulturskulen som sin primære arbeidsplass.

Dei siste åra har det vore svært god deltaking frå Vestre Slidre på UKM (Ung kultur møtes). Noko vi tolkar som ein indikator på at vi må ha gjort ein god del riktig på i alle fall nokre områder.

7 Psykososialt- og fysisk læringsmiljø i barnehage og skule

7.1 Lovkrav

Retten til et trygt og godt barnehagemiljø er heimla i barnehagelova, 2006, § 41-43.

Barnehagen skal forebygge tilfeller hvor barn ikke har et trygt og godt barnehagemiljø ved å arbeide kontinuerlig for å fremme helsen, trivselen, leken og læringen til barna.

Personale i barnehagane i Vestre Slidre kjenner til og skal praktisere aktivitetsplikt og skjerpa aktivitetsplikt i barnehagelova.

§ 12-2 i opplæringslova sikrar retten til eit trygt og godt skolemiljø:

«Alle elevar har rett til eit trygt og godt skolemiljø som fremjar helse, inkludering, trivsel og læring.»

At elevane har eit godt fysisk miljø på skulen er sikra gjennom § 12-7 i opplæringslova. Det fysiske miljøet i barnehagar, skuler og på SFO blir ivaretatt i § 4 i Forskrift om helse og miljø i barnehagar, skoler og skulefritidsordningar. Forskrifta tek føre seg krava kommunen har til mellom anna inneklima, lys- og lydforhold, sanitæranlegg i sine barnehagar og skuler.

Vestre Slidre kommune har ein avtale med Miljøretta helsevern Hallingdal & Valdres (MHV-HV). Dei er delegert ansvar etter forskrift om helse og miljø i barnehagar, skuler og skulefritidsordningar i kommunane i Hallingdal og Valdres. Miljøretta helsevern Hallingdal & Valdres gjennomfører jamlege tilsyn frå ulike paragrafar i forskrifta i barnehagane og skulen i kommunen.

7.2 Psykososialt- og fysisk læringsmiljø i barnehagane

7.2.1 Tilstand bygg og uteområde, Røn naturbarnehage

Miljøretta helsevern Hallingdal & Valdres gjennomførte 30.10.25 stadleg tilsyn i Røn naturbarnehage. Dei vurderer at drift, lokals utforming og innreiking, og uteområdet tilfredsstiller krava i forskrift. Det vart avdekka eit avvik, samt gjett to merknadar.

Avviket gjaldt usikra hyller inne i barnehagen, dette vart utbetra rett etterpå. Den eine merkningen omhandla at det ikkje er anbefalt å ha persienner/rullegardiner med snorer i

barnehagen på grunn av kvelningsfare. Den andre merknaden påpeika at det er ønskeleg at barnehagen gjennomfører ei praktisk beredskapsøving, gjerne ilag med leiinga i den andre barnehagen. Det er utarbeida eit årshjul for beredskapsøvingar i barnehagane, kor dette blir ivaretake.

7.2.2 Tilstand bygg og uteområde, Slidre kulturbarnehage

Miljøretta helsevern Hallingdal & Valdres gjennomførte i 2024 tilsyn. Etter tilsynet fekk kommunen fleire punkt til oppfølging, etter §6 (inneklima) og §8 (lydforhold) i forskrift.

Det har over tid vore gjennomført nokre tiltak, mellom anna i forhold til støydemping. Framleis er det noko tiltak som ikkje er gjennomført, dette går på radonmåling og sjekk av innemiljø. Dette er planlagt våren 2026.

I tillegg til tilsyn i 2024, var det gjennomført eit nytt tilsyn i 2025, der hovudfokus var “Helsemessig tilfredsstillende virksamhet”, inneklima og “Beredskap, førstehjelp og sikkerhetsutstyr”.

Etter tilsynet fekk barnehagen to merknadar;

1. Inneklima er ikke helt ideelt, da bygget begynner å bli gammelt og slitt. Her er det forbedringspotensialer. Siste radonmåling og inneklimakartlegging ønskes ettersendt”.
2. Vi anbefaler å gjennomføre beredskapsøvelse (øve på beredskapssituasjoner). Gjerne sammen med ledelse i andre barnehager i kommunen.

7.3 Psykososialt- og fysisk læringsmiljø i skulen

7.3.1 Tilstand bygg og uteområde, Vestre Slidre skule

26.10.2023 hadde Miljøretta helsevern Hallingdal & Valdres tilsyn på Vestre Slidre skule. Tema for tilsynet var Forskrift om helse og miljø i barnehager, skoler og skolefritidsordninger, 2023, §§ 4 og 6

- *Virksamhetens uteområder skal være utformet slik at de fremmer helse, trivsel, lek og læring for alle barn og elever. Behovene til barn og elever med funksjonsnedsettelse skal ivaretas (§4).*
- *Inneklima (§6).*

Det vart ikkje avdekka avvik eller merknader under tilsynet.

Skulen er varsla om nytt tilsyn i løpet av 2026. I dette tilsynet skal Miljøretta helsevern i Hallingdal og Valdres sjå nærare på om skulen har tilfredsstillande inneklima, lys- og lydforhold. Dei vil også sjå på kva planar og rutiner skulen har for beredskap, førstehjelp og sikkerheit.

Det er stort vedlikehald- og oppussingsbehov på skulen både innvendig og utvendig. Skulen og kulturskulen saknar også fellesrom som kantine og atrium; eit rom som eignar seg for større ensembler og som gjer det mogleg å samle alle elevane (Lik slik dei har i Vang og på Nord-Aurdal ungdomsskole).

7.3.2 Psykososialt læringsmiljø i skulen: Trygt og godt skulemiljø og Elevundersøkinga

Vestre Slidre skule har eit system for å ivareta kvaliteten i det psykososiale arbeidet på skulen. Kartleggingar og oppfølging av det av det psykososiale skulemiljøet er blant annet sidestilt med dei faglege kartleggingane i skolens kvalitetsutviklingsplan.

Elevundersøkinga er ei årleg digital undersøking der elevane kan seie si meining om læring og trivsel i skulen. Elevundersøkinga er obligatorisk for 7. og 10. Klasse, men ved Vestre Slidre skule gjennomfører vi også på 6., 8. og 9. trinn. Undersøkinga vart tatt i november og resultata kom i januar. I tillegg til elevundersøkinga følgjer vi med på elevane sitt læringsmiljø gjennom elevsamtaler, utviklingssamtaler, Spekter digital, gode tilsynsrutinar med meir.

Indikator - Spørsmål	Hele landet		Innlandet		Vestre Slidre	
	7. trinn	10. trinn	7. trinn	10. trinn	7. trinn	10. trinn
Trivsel	4,1	4,1	4,1	4,0	3,9	4,2
Støtte fra lærer	4,2	3,9	4,3	4,0	4,2	4,3
Støtte hjemmefra	4,2	4,0	4,2	4,0	3,7	4,3
Vurdering for læring	3,6	3,3	3,7	3,3	3,3	3,5
Læringskultur	3,8	3,7	3,8	3,8	3,8	4,2
Mestring	3,9	3,8	3,9	3,8	3,6	4,2
Motivasjon	3,4	3,3	3,5	3,3	3,4	3,6
Elevdemokrati og medvirkning	3,6	3,3	3,6	3,3	3,5	4,0
Felles regler	4,2	4,0	4,2	4,0	4,2	4,2
Utdanning og yrkesveiledning (ungdomsskolen)	-	3,8	-	3,9	-	4,3
Faglig utfordring	3,9	4,2	3,9	4,2	3,5	4,1

Figur 7: Utdrag frå Elevundersøkinga. Resultat for gjennomsnittet i landet, Innlandet og Vestre Slidre, skuleåret 2025-2+26

Vurdering:

Då vi fekk resultata av elevundersøkinga vart resultatet sendt til kontaktlærarane. Resultata var gjennomgått med klasseteamet og med elevane i klassen, og det vart utarbeida tiltaksplanar.

Når det gjeld mobbing, er tala skjerma.

Vi ser av indikatorane i tabellen ovanfor at elevane i 10. Klasse svarar over snittet på nesten alle indikatorar samanlikna med Innlandet og landet. Den einaste indikatoren snittet er under på er fagleg utfordring. Når det gjeld elevane i 7. klasse er nokon indikatorar på snittet og nokon under snittet samanlikna med landet og Innlandet.

7. klasse og 10. Klasse har satt inn fleire tiltak for å jobbe med indikatorane dei skåra lågast på.

8 Meir statistikk om barn og unge i Vestre Slidre kommune

Den viktigaste statistikken som gjeld barn og unge i Vestre Slidre for 2026:

- Ungdata 2024
- Oppvekstprofil 2026
- Elevundersøkinga 2026
- Unicef sin Kommuneanalyse 2025
- Undersøking om inkluderande fritid 2026
- Foreldreundersøkelsen 2025

8.1 Oppvekstprofil 2026

Årleg analyse frå Helsedirektoratet. [Lenke til årets Oppvekstprofil](#)

Vestre Slidre ligger innanfor gjennomsnitt for Innlandet og landet på dei fleste områda. Toppåne, både dei høge og dei låge, gjennomgås her.

8.1.1 Unge som står utanfor, 15-29 år

Samanlikna med Innlandet og Noreg som heilheit, har Vestre Slidre færre unge som ikkje er sysselsett, under utdanning eller i arbeidsmarkandstiltak (Neet; Not in Employment, Education or Training).

- Vestre Slidre 5,6%
- Innlandet: 10,5%
- Noreg: 9,9%



8.1.2 Gjennomsnittleg grunnskulepoeng

Grunnskulepoeng er ein samla poengsum berekna ut frå alle standpunkt- og eksamenskarakterane på vitnemålet.


Vurdering: Vestre Slidre sine resultat i år ligg over resultata for Innlandet og for landet.

Tabell med resultata for dei siste tre skuleåra blir omtala i 5.5.2 Grunnskulepoeng

8.1.3 Gjennomføring vidaregåande opplæring

I Vestre Slidre kommune gjennomfører 79% av innbyggjarane vidaregåande opplæring. I Innlandet gjennomfører 81% vidaregåande opplæring, mens for heile landet er gjennomføringsprosenten 82%.

Vestre Slidre har hatt ei positiv utvikling frå 2017-2019 til 2022-2024. I 2017-2019 var det 60% som gjennomførte vidaregåande opplæring, mens den i 2022-2024 hadde auka til 79%. Vestre Slidre ligg under gjennomsnittet for fylket og landet, men har ei god utvikling målt ut frå seg sjølv.



Figur 8: Graf som viser utviklinga av gjennomføring av vidaregåande opplæring i perioden 2017-2019 til 2022-2024

Kompenserande tiltak:

Vestre Slidre jobbar no med ei samarbeidsavtale med Oppfølgingstenesta (OT) ved Valdres vidaregåande skule.

OT tilbyr hjelp til ungdom mellom 15 og 24 år som har rett til vidaregåande opplæring, men som ikkje går på skole eller jobbar. OT formidlar tilbod om opplæring eller arbeid

og gir tilbod om rettleiing og møter for å finne gode løysningar for/saman med ungdommen.

Kommunen kan være en samarbeidspartner i denne innsatsen når OT, saman med ungdommen, finner det aktuelt, eller der kommunen har en bekymring knytt til nokon i målgruppa/formålet.


Kommunen får oppdatert statistisk materiale knytt til gjennomføring/fråfall for ungdom i alderen 15-24 år som er folkeregistrert i kommunen og som har rett til vidaregåande opplæring, men som ikkje går på skole eller jobbar. Kommunen bruker materialet for å vidareutvikle det den førebyggjande innsatsen mot utanforskap i dei ulike tenestene.

8.1.4 Overvekt og fedme

28 % av 17-åringene i Vestre Slidre har en kroppsmasseindeks (KMI) på over 25. KMI frå 25-29,9 tilsvara overvekt, men KMI over 30 tilsvara fedme. Statistikken viser 4 års gjennomsnitt.

28% er høgare enn gjennomsnittet for Innlandet (25%) og Noreg (21%).

Tala i mindre grupper, som ein kommune, vil variere meir enn det tala for fylket og heile landet gjer. Det viser også grafen under.



Figur 9: Graf som viser andel 17-åringar som er overvektige i perioden 2017-2019 til 2022-2024

Kompenserande tiltak:

- Lågterskeltiltak for fysisk aktivitet gjennom *Lokal fritidserklæring for Vestre Slidre kommune 2026-2029*
- Samarbeid med Antidoping Noreg har kome i gang. Tilsette i VSK har vore med å dra i gong Antidoping-nettverk i Valdres der kommunane og treingssenter er velkomne til å delta.
- *Strategisk plan forebyggande arbeid og tverrfagleg samhandling barn og unge, 2023*
- *Heilskapleg plan for psykisk helse gjennom livet*

8.2 Unicef sin Kommuneanalyse, 2025

319 kommuner er kartlagt, det er målt graden av lovoppfyllelse innanfor seks kategorier: barnehage, grunnskole, barnevern, helsetjenester, kulturtilbud og resultat kvalitet, samt Kostra-tallene som kommunene selv rapporterer. Vestre Slidre kom på ein 4. plass i denne kåringa.

Frå kommunestyresak om Lokal Fritidserklæring for Vestre Slidre kommune 2026-2029: «I 2025 vart det gjort ei nasjonal undersøking angående inkludering av barn og unge si fritid i alle kommunar i Noreg. Blant dei som svarta kom Vestre Slidre på fyrsteplass i Innlandet, og delt fyrsteplass nasjonalt. Fleire av grunnane til at vår kommune skåra høgt på dette var:

- Kommunen fekk laga gode system når vi nytta prosjektet med Fritidskassa. Dermed har vi no fått ei enkel og ubyråkratisk støtteordning. Vi etablerte ei kontaktperson dersom foreldre, nokon i eit frivillig lag, eller tilsette i kommunen, vert bekymra for om barn vert hindra i å delta i fritidsaktivitet. Fritidskassa kan dekke kontingent, reiseutgifter eller utgifter til utstyr. Den ordninga er no over, men vi ynskjer å vidareføre ordninga utan prosjektmidlar.
- Kommunen har gode rutinar for at barn og unge sin stemme vert høyrte, når det vert teke avgjer angående deira fritid. Eit døme på dette er arbeidet med lokal fritidserklæring som vi viser til i saka.
- Ved at vi etablerte foreiningsportalen har barn og unge fått ein betre informasjon om kva for aktivitetar ein kan velje mellom. Døme på det er lenke til foreiningsportalen på vekeplanen.
- Kommunen fekk allereie i 2023 vedteke lokal fritidserklæring. Den har vore ei rettesnor i arbeidet med gode tiltak for barn og unge.»

Kompenserande tiltak:


- Lokal fritidserklæring for Vestre Slidre kommune 2026-2029
- Foreiningsportal og Fritidskasse har vore tema på dialogmøte mellom lag, foreiningar og kommune




8.3 Ungdata 2024

Undersøkinga gjennomførast ikkje åreleg, difor jobbar vi ut frå tala frå 2024 også i 2026.

KORUS øst trekk fram tre positive og tre områder med forbedringspotensiale dei anbefala kommunen til å ha spesielt fokus på.



Figur 10: Tre positive trekk ved resultata for Vestre Slidre frå Ungdata-undersøkinga



Figur 11: Tre trekk ved resultata for Vestre Slidre frå Ungdata-undersøkinga kommunen utfordrast på å sette inn tiltak for

Ungdom i Vestre Slidre har lågare deltaking i idrettslag, samanlikna med ungdom på same alder i Innlandet og Noreg.

- Vestre Slidre: 47%
- Innlandet: 59%
- Noreg: 59%

Det har vore ei negativ utvikling; frå 79% med deltaking i Idrettslag i 2020, til 57% 2024.

Delen som den siste månaden har opplevd mykje press på minst to områder, er høgare i Vestre Slidre enn i Innlandet eller i Noreg.

- Vestre Slidre: 27%
- Innlandet: 25%
- Noreg: 25%

Andel ungdom som er nøgd med eiga helse

- Vestre Slidre: 60%
- Innlandet: 65%
- Noreg: 67%

Vurdering:

Sjølvpoplevd helse og bruken av helsetenestene heng tett saman.

Per i dag er det ikkje bekymring for bruk av doping i ungdomsgruppa. Samarbeid med Antidoping Norge er eit “føre var”-tiltak.

Dei som jobbar med ungdomsgruppa ser behovet for fokus på haldningar til trening; mange av ungdommane seier at dei trener fordi dei ynskjer å sjå veltrente ut. Det er fokus på kroppsideal i ungdomsgruppa.

Førebygging, tiltak

- Skuleåret 2025-2026: Samarbeidet med Antidoping Norge har kome i gang. Tilsette i VSK har vore med å dra i gong Antidoping-nettverk i Valdres der kommunane og treingssenter er velkomne til å delta.
- *Fritidserklæring for Vestre Slidre 2026-2029*: Ungdomsrådet har komet med ynskjer om lavterkskel-tilbot der det ikkje skal vere fokus på konkurranse og å prestere, sjå “Fritidserklæring for Vestre Slidre kommune 2026-2029” for å lese meir om prosessen bak og om tiltaka.
- *Strategisk plan forebyggande arbeid og tverrfagleg samhandling barn og unge, 2023*
- *Heilskapleg plan for psykisk helse gjennom livet 2025-2028*



8.4 Foreldreundersøkelsen i barnehagane

Undersøking frå Udir der alle foreldre til barnehagebarn inviterast til å delta. I Vestre Slidre gjennomførast foreldreundersøkelsa annakvart år.

Temaområde-spørsmål	Hele landet		Innlandet		Røn naturbarnehage		Slidre kulturbarnehage	
	Snitt	Antall besvart	Snitt	Antall besvart	Snitt	Antall besvart	Snitt	Antall besvart
Ute- og innemiljø	4,2	148 430	4,3	5 038	4,4	16	4,1	26
Relasjon mellom barn og voksen	4,7	154 244	4,7	5218	4,8	16	4,5	26
Bemannings-tetthet	3,7	152 815	3,7	5178	3,9	16	3,9	27
Barnets trivsel	4,8	151 680	4,8	5146	5,0	16	4,6	27
Informasjon	4,3	153 146	4,3	5167	4,7	16	4,0	26
Barnets utvikling	4,7	147 981	4,7	5046	4,9	16	4,5	26
Medvirkning	4,3	111 955	4,3	3833	4,4	14	4,0	24
Henting og levering	4,4	154 903	4,4	5246	4,6	16	4,4	27
Tilfredshet	4,5	155 383	4,6	5254	4,9	16	4,4	27

Figur 12: Resultata frå “Foreldreundersøkinga 2026” i Vestre Slidre kommune

Vurdering

Det vart i januar 2026 gjennomført foreldreundersøking, der ein får ein peikepinn på foreldresamarbeidet. Det var låg svarprosent på foreldreundersøkinga, likevel ser vi at vi får nyttige tilbakemeldingar gjennom SU-møter, foreldremøte og den daglege kommunikasjonen med foreldra.

Barnehagen følger opp resultata gjennom møter og utveklingsarbeid i barnehagen, det står nærare beskrive i kap 4 Kvalitetsutvikling.

9 Utviklingstrekk framover

Rapport for barnehagane, grunnskulen og kulturskulen i Vestre Slidre 2025-2026 er ein rapport for inneverande barnehage- og skuleår. Det er difor eigentleg ikkje naturleg å vise til framtidige utviklingstrekk i ein slik rapport, likevel tenker vi det er viktig å gjere kommunestyret merksame på utviklingstrekk for oppvekstsektoren.

Punkta nedanfor er meint som ei kort innføring i utfordringar tenestane ser framover. Det er viktig å gjere ei brei og heilheitleg vurdering før tiltak settast inn.

9.1 Skulebygg

Ein stor del av skulebygningen er gamal og utdatert. Bygget har vore lappa på i fleire omgangar, det er no behov for ei større heilheitleg oppgradering.

I åra framover byrjar det større barnekull fleire år etter kvarandre på skulen. Det er veldig positivt med større barnekull enn det prognosane har antyda. Skulen ser no behovet for fleire større rom på småsteget, både til klasserom og SFO.

Skulen og kulturskulen saknar også fellesrom som kantine og atrium; eit rom som eignar seg for større ensembler og som gjer det mogleg å samle alle elevane (Lik slik dei har i Vang og på Nord-Aurdal ungdomsskole).

9.2 SFO

Etter at regjeringa innførte tilbod om 12 timer gratis SFO i veka for alle elevar på 1.-3. trinn er det fleire som ynskjer SFO-plass. Elevar på 1.-3. trinn som ynskjer fleire timer i månaden, må betale mellomlegget mellom dei 12 gratis timane og kostnaden for ynskja plass. 4. klassingar må betale full pris for SFO-plass.

Romma som nyttast til SFO i dag er for små til å samle alle barna. Det er også eit vedlikehaldsbehov. Om gruppa skal delast, krev det fleire ressursar.

Tidlegare har foreldrebetaling vore ei inntekt for kommunane, med dagens ordning følger det ikkje med øyremerka midlar, dei er lagt inn i ramma.

Andre klasse dette skuleåret er ein liten klasse, dersom delen elevar med SFO-plass held seg på dagens nivå i åra framover, vil lokalar og ressursar bli ytterlegare pressa.

Klasse	Antal elevar i klassen	Antal elevar med SFO-plass	Gratisplass, antal elevar	Antal elevar som betaler	Dette betalar føresette for ein full SFO-plass
1.klasse	22 elevar	18 elevar	14 elevar	4 elevar	624 kr
2.klasse	13 elevar	10 elevar	9 elevar	1 elev	624 kr
3.klasse	19 elevar	11 elevar	10 elevar	1 elev	624 kr
4.klasse	17 elevar	4 elevar	-	4 elevar	2 839 kr

Figur 13: Nøkkeltal for SFO ved Vestre Slidre skule, skuleåret 2025-2026

9.3 Kulturskule

Større barnekull betyr også fleire søkjarar til kulturskulen. Det er derfor rimeleg å tru at fleire søkjarar vil hamne på venteliste. Då må vi prioritere tydelegare mellom ulike omsyn: På den eine sida ønskjer vi undervisning med høg kvalitet, moglegheit for fordjuping og eit breitt tilbod til dei mest ivrige og talentfulle elevane. På den andre sida ønskjer vi å gi plass til flest mogleg.

Det vil bli meir utfordrande å finne balansen mellom å prioritere dei ordinære elevplassane og å bidra til kulturskulen sitt breiare samfunnsoppdrag.

9.4 Samordna opptak: Søkertal til lærar og barnehagelærerutdanningane

Lenke: [Søkertall for universitet og høgskoler i Samordna opptak 2025-Oppsummering av årets tall – en oversikt | HK-dir](#)

Siden 2015 har det vore ein dramatisk nedgang på søkarar til grunnskule- og barnehagelærarar. Heller ikkje i år får barnehagelærerutdanninga nok søkarar til å fylle opp studieplassane.

Saman med dei venta endringane i befolkninga; fleire eldre og færre i yrkesaktiv alder, gjer dette at det er krevjande både å rekruttere og å oppfylle bemanning- og pedagognorm i barnehage og lærarnorma i skulen. Kompetansekravet i skulen fører til at dei nyutdanna lærarane har auka kompetanse i enkeltfag, men kan undervise i færre fag.

Skulen får søkarar til lærerstillingar til oppstart av nytt skuleår, resten av året er det krevjande å få tak i både nye tilsette og vikarar.

I barnehagane har det vore tilsette som har gått på dispensasjon i barnehagelærarstillingar. I tillegg har det også vore assistentar som har fylt opp barne- og ungdomsarbeiderstillingar. Dette samsvarar med utfordringane vi har kring å få tak i kompetent personale i barnehagane.

Konsekvensar:

- Dette kan gi utfordringar for stabilitet i personalet, og dei følger det får for barn og elever.
- I barnehage har det har vore vurdert frå dag til dag, kva som er innanfor bemanningsnorm, ei uheldig løysing på sikt som skapar meirarbeid for styrarar
- Uheldig meirbelastning på eksisterande personal
- Leiarar må gå inn i drift og må prioritere bort andre arbeidsoppgåver
- Tenesteleiarane ser at det kan vere vanskelegare å vanskeleg å komme tilbake på jobb etter lengre sjukdom viss det er mykje fråvær elles på arbeidsplassen
- Når ein ikkje har nokon «buffer» av personale viss fleire blir borte frå jobb samtidig, og kan ikkje flytte personalet mellom klasser/ avdelingar

Både i tenestene og kommunen på systemnivå jobbar med korleis behalde og rekruttere tilsette



Førebygging, tiltak per i dag:

- “Trivsels agent” Sommarjobb for ungdom
- Kompetanseplanar
- Fokus på grunnutdanning hjå fagarbeidarar og pedagogar
- ABLU (Arbeidsplassbasert barnehagelærerutdanning)
- Livsfasepolitikk for tilsette
- Nasjonal ordning for vidareutdanning av tilsette i barnehage og skule

9.5 Barnehage

Frå 1. august 2025 ble maksprisen for ei barnehageplass i distriktskommunar redusert til 700 kroner per måned. Dette ble bestemt i Stortinget, som ei del av satsinga på småbarnsfamiliar.

No løner det seg å kjøpe ein fulltids plass, i staden for å ha ein deltidsplass og kjøpe enkeltdagar dersom ein treng fleire dagar i barnehagen.

Som ein konsekvens av dette ser ein no at omlag alle barnehagebarn har 100% plass.

Det er jo vanskeleg å spå kor store barnekulla blir framover, men viss trendane frå inneverande barnehageår held fram, vil kommunen ha behov for fleire barnehageplassar og dermed også fleire tilsette.



10 Praksisforteljingar

10.1 Barnehagane



Turar i nærmiljøet.



Moro med skigåing, aking og lek vinterstid.



Stølsbesøk.



Sikkerheitsveker – fokus på fyrstehjelp.



Samarbeid med Vestre Slidre kulturskule, her frå ein av fleire konsertar i barnehagen.

Å besøke jettegryta er spennande!



Dugnad på mellom anna kjøkenhage, med fokus på dyrking og matberedskap.



Gardsbesøk i Røn for dei minste.



10.2 Vestre Slidre skule

KNALLSTART:

“Ein god start og tidleg innsats er avgjerande for god utvikling.”


Å lære av dei eldre-gode rollemodellar

Det er fleire fordelar ved å vera ein kombinert barne- og ungdomsskule. Ein av dei er at vi kan ha undervisningsopplegg der dei yngre kan lære av dei eldre. I tillegg til å lære noko nytt, er det med på å skape trygghet og samhald.

6. klasse lærer fadderborna sine i 2. klasse om solsystemet. Dei gjekk gjennom heile solsystemet i ein forminska målestokk.



Under leselystaksjonen var ei av oppgåvene til 8. klassingane å lese for nokon som er yngre enn seg. Dei valde å lese for fadderborna sine i 4. klasse.



5. trinn har laga kreative og fine brettspel i kunst og handverk. Dei prøvde ut spela saman med fadderborna i 1. klasse-til glede for både store og små.



Elevrådet og 7.kl arrangerer karneval for 1.-4.kl. Mange morosamme aktivitetar som svampekast, ribbeveggstafett, sette hale på grisen og ball i bøtta.



LÆRINGSLIVET:

“Vi skal legge til rette for at alle barn og unge får lærelyst for livet. Det er mellom anna viktig med variasjon, samt at det ein lærer er relevant og at det er praktisk.”


Vi varierer mellom anna ved at klassane i løpet av skuleåret har fleire ulike tverrfaglege tema. Eit av fleire eksempel er frå då elevane i 3. klasse planla og gjennomførte sin eigen klassefest. Dei jobba med budsjett i matematikk, munnlege ferdigheiter i norsk, samarbeid og fellesskap i samfunnsfag/KRLE og kreativitet i kunst og handverk.



Ein god start på dagen er viktig for læring. I 4. klasse startar dei kvar dag med «Startsmart» både ute og inne, der elevane kan velje mellom nokre ulike aktivitetar.



I januar vart det arrangert yrkesmesse for elevane på 9. og 10. trinn. Tilsette i ulike kommunale tenester og nokre lokale verksemdar stilte opp. Elevane fekk på denne måten meir praktisk og relevant informasjon om nokon yrkesmoglegheiter som finnst kommunen vår.



Kvar vinter får 5. klasse delta på isfiskedag og kvar vår får 6. klasse delta på fiskedag som Jeger – og fiskarlaget og Fjelloppsynet arrangerar. Dette fine er avbrekk frå ein vanleg skuledag med mykje praktisk og relevant læring.




VALFAG

På ungdomssteget har elevane valfag ei økt i veka. Dei får valet mellom 4-5 ulike valfag, og det er dei tre fagar som flest ynskjer vi startar opp med. I år har vi **FRILUFTSLIV**, **DESIGN & REDESIGN** og **UTVIKLING AV PRODUKT OG TENESTER**

FRILUFTSLIV



DESIGN & REDESIGN



UTVIKLING AV PRODUKT OG TENESTER (KANTINE)



10.3 Vestre Slidre kulturskule

Å arbeide med kunstfag som musikk, dans, teater og visuell kunst aktiverer og samordnar mange delar av hjernen samstundes, som motorikk, konsentrasjon, minne og kreativ tenking. Denne typen læring styrkjer utviklinga av hjernen og aukar den generelle læringsevna også på andre område. Elevane trener uthald, samarbeid og evna til å reflektere og løyse komplekse oppgåver. Slike ferdigheiter er grunnleggjande også for annan skulegang og for livet vidare.



På sommarfesten får både elevane i kulturskulen og klassane i grunnskulen blomstre på scena. Kulturskulen hjelper til også på klasseinnslaga, så dei blir ei mest mogleg positiv og lærerik oppleving.



11 Nasjonale føringar og kjelder

Opplæringslova. Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (2023). (LOV-2023-06-09-30). Henta frå Lovdata <https://lovdata.no/dokument/LTI/lov/2023-06-09-30>

Barnehageloven. Lov om barnehager (2006) (LOV-2005-06-17-64). Henta frå Lovdata [Lov om barnehager \(barnehageloven\) - Lovdata](#)

Forskrift om helse og miljø i barnehager, skoler og skolefritidsordninger (2023). (LOV-2011-06-24-29-§8, LOV-2011-06-24-29-§10) Henta frå Lovdata [Forskrift om helse og miljø i barnehager, skoler og skolefritidsordninger - Lovdata](#)

Vestre Slidre kommune. (2024). Kommunedelplan: folkehelseoversikt 2024. [Henta frå Vestre Slidre kommune si heimeside](#)

Vestre Slidre kommune. (2023). Strategisk plan forebyggjande arbeid og tverrfagleg samhandling barn og unge 2023-2026. [Henta frå Vestre Slidre kommune si heimeside](#)

Helsedirektoratet (2026). Oppvekstprofil for Vestre Slidre kommune 2026. Henta frå [Oppvekstprofil Vestre Slidre 2026](#)

Velferdsforskningsinstituttet NOVA v/ OsloMet (2025). Resultat frå Ungdata-undersøkelsen 2025. Henta frå [UngData 2024, gjennomgang ved KORUS øst, Valdres vidaregåande skule](#)

Vestre Slidre kommune 2025-2028. (2025). *Heilskapleg plan for psykisk helse gjennom livet*. [Henta frå Vestre Slidre kommune si heimeside](#)



Adresse: Vestre Slidre kommune
Slidrevegen 16
2966 Slidre
Mail: post@vestre-slidre.kommune.no
Tlf.: 61 34 50 00

